



Det samfunnsvitenskaplege fakultet

Referanse

2019/2872-WEI

Dato

12.04.2019

Vi viser til brev frå Det samfunnsvitenskaplege fakultet 8. mars 2019 og presenterer herved årsrapport for utdanning 2018 frå Institutt for sosialantropologi. Rapporten er vedtatt i instituttet sitt Undervisningsutval den 08.04.2019 og i Instituttrådet den 11.04.2019.

Årsrapport for utdanning 2018

Institutt for sosialantropologi

Oppfølging av instituttets utdanningsmelding for 2017

Praksisemne

Arbeidet med å utvikle eit praksisemne for bachelorstudentar i sosialantropologi starta hausten 2018, etter at instituttet fekk innvilga utdanningsstrategiske midlar til dette.

Instituttleiar Ståle Knudsen har vore i kontakt med Sosialantropologisk institutt ved Universitetet i Oslo som begynte med praksisordning (SOSANT2600) i 2017, og Isabelle Hugøy, som er vitenskapelig assistent, har vore i dialog med relevante fagmiljø og kartlagt eksisterande praksisemne ved UiB. Rapporten ble diskutert i Undervisningsutvalet den 09.04.2019.

Instituttet tar sikte på å utvikle eit praksisemne som kan meldes inn i studieplanendringane våren 2020, med oppstart hausten 2020.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for sosialantropologi
Telefon 55589250
Post@sosantr.uib.no

Postadresse
Postboks 7802
5020 Bergen

Besøksadresse
Bergen

Sakshandsamar
Wenche Iversen

EVU-emne

SANT660 Fleirkulturell forståing og kommunikasjon går våren 2019 for andre gong. Kurset hadde høge søkertal, og det er 25 aktive studentar per april 2019.

Forskningsfronten i undervising

SANT285-1 Current Anthropological Research: The Anthropology of Oil. 27 kandidatar ble vurderte og omlag halvparten av desse var utvekslingsstudentar.

SANT285-2 Current Anthropological Research: The Anthropology of Liberation - Utopias, Revolutions and Resistance gjekk hausten 2018, og 20 kandidatar ble vurderte. Dei fleste som var melde til emnet var utvekslingsstudentar.

Utvikling av eit engelsk masterprogram

Det er satt ein komité for å sjå på moglegheita for å utvikle eit engelsk masterprogram. Komitéen har hatt to møte og vil i løpet av vårsemesteret presentere eit forslag til studieprogram.

Emne- og programevaluering for 2018**Oversikt over emne- og programevalueringar for 2018**

Emne/program	Punkter frå evaluering	Plan for oppfølging
BASV-SANT Programsensorrapport	Rapporten frå Rune Flikke er lang og detaljert, og ble diskutert i Undervisingsutvalet den 09.04.2019.	
SANT103 – Materialitet: miljø, stad og økonomi	Studentane var godt nøgd med at forelesingsnotater ble lagt ut før forelesingane på SANT103.	Vi oppfordrer emneansvarlege til å gjere dette om dei kan.
SANT285-1 Current Anthropological Research: The Anthropology of Oil	Emneansvarleg hadde god erfaring med obligatorisk oppmøte i undervisninga.	
SANT100 Examen facultatum - Invitasjon til sosialantropologi	Emneevalueringa er ikkje ferdigstilt per dags dato.	
SANT285-2 Current Anthropological Research: The Anthropology of Liberation - Utopias, Revolutions and Resistance	Emneevalueringa er ikkje ferdigstilt per dags dato.	

Gjennomføringstall for 2018

Når det gjeld **kandidatproduksjon frå bachelorprogrammet** har talet vore stabilt i perioden 2015-2018. For **kandidatproduksjon på master** har talet gått frå 6 kandidatar i 2017 til 12 i 2018, og er no tilbake på nivå med 2016.

Instituttet har hatt ei jamn auking når det gjeld **studiepoengproduksjon** frå 2014-2017 med eitt hopp i 2018 frå 156 til 175 årseiningar.

Når ein ser på **studiepoeng per student fordelt per institutt per år** kan ein sjå at instituttet har ein liten nedgang. I 2018 er snittet for SV-fakultetet er på 44, mens instituttet har eit snitt på 40 studiepoeng.

Ser ein på **studiepoengproduksjon per student fordelt på bachelorprogram** har institutt for sosialantropologi ein nedgang frå 2017 til 2018, men ligg samstundes høgare eller på nivå med tidlegare år.

Studiepoengproduksjon per student fordelt på masterprogram viser ein nedgang mellom 2014-2018, men ei auking frå 2017-2018 på 35,14 til 40 poeng.

For årsstudiet er trenden motsett, og det har vore ei auking i **studiepoengproduksjon per student fordelt på årsstudiar**.

Studieportefølje og dimensjonering

Planar for nedlegging, oppretting eller endring av studieprogram

Praksisemne

Instituttet er interessert i å opprette eit praksisemne og tar sikte på å melde det inn i studieplanendringane for 2020, med oppstart våren 2021.

Engelsk masterprogram

Sjå ovanfor.

Vurdering av dimensjonering av instituttets studieprogram (studieplassar, undervisingsressursar)

Det har vore ei jamn auke i opptaket til BA-programmet med eit totalt opptak på 110 i 2018, mot 68 i 2014.

Utdanningssatsingar knytt til UiBs satsingsområder

SANT285-3 - Current Anthropological Research: Anthropology of the Environment gjekk våren 2019. 32 kandidatar ble vurderte, og dei fleste av studentane på emnet var utvekslingsstudentar.

Sjå ovanfor om SANT285-1 Current Anthropological Research: The Anthropology of Oil.

SANT240 Poverty, Welfare and Marginalisation: An Ethnographic Approach to Modern Urban Life.

Prosjekter/planer knytt til satsingsområder i Handlingsplan for kvalitet i utdanning for 2018/2019

Studentaktive og varierte undervisnings- og vurderingsformer

PC i undervisningsrommet

Frå hausten 2018 vart det tatt opp med studentane at det ikkje er ønskelig at dei nyttar PC i undervisninga grunna at det er eit forstyrrende element for dei sjølve, for den som underviser og for medstudentane. Dei som nyttar PC blir bedt om å sitte bak for ikkje å forstyrre.

SANT660 Fleirkulturell forståing og kommunikasjon

EVU-emnet har helgeseminar og nyttar Canvas i store deler av undervisninga

SANT150 Akademisk skriving, teori og metode: antropologiske tilnærmingar

Studentane får tett oppfølging via Canvas.

SANT285-1 Current Anthropological Research: The Anthropology of Oil (Vår 2018)

Emnet hadde god erfaring med ekskursjon til Mongstad som ein del av undervisningsopplegget og obligatorisk oppmøte i undervisninga.

Internasjonalisering og forskingsbasert praksis

SANT270 - Sumarskule i antropologiske forskingsmetodar

Sumaren 2019 vart det i samarbeid med Tbilisi State University arrangert sumarskule i antropologiske forskingsmetodar i Georgia. Det er 14 studentar som deltek – sju frå Noreg og sju frå Georgia.

Undervisninga, som varer frå 22. juli til 5. august, vil bestå av innleiande forelesingar og seminar som skal gi ei teoretisk innføring metodar og teknikkar i antropologisk forskning.

Norske og georgiske studentar vil saman utføre eit feltarbeid over 4-5 dagar. Dei vil gjere feltarbeid i par og kan velje mellom urbant eller ruralt feltarbeid, og ha eitt breidt spekter med tematikkar. Studentane blir rettleia i feltarbeidsprosjektet, og skal skrive feltrapport og presentere innsikter frå feltarbeidet.

Sumarskulen vart arrangert i regi av [prosjektet NorGePart](#) og er finansiert av DIKU.

På dei fleste rettleiingssamtalene blir det snakka om utveksling. Det blir samla inn reisebrev frå dei studentane som er på utveksling for å publisere på nettsidane og motivere andre studentar til å reise på utveksling.

Ved å tilby emne frå serien **Current Anthropological Research** blir emneporteføljen med engelske emne som utvekslingsstudentar kan ta utvida

SANT280- (5 studiepoeng)

SANT285- (10 studiepoeng)

SANT290- (15 studiepoeng)

Når emnet er publisert kan det bli laga ein nyhendesak til nettsidane, og studienettverket ved SV-fakultetet kan bli informert om emna.

Studentane blir allereie i introdusert for forskningsbasert praksis i emnet SANT100 Examen facultatum - invitasjon til sosialantropologi.

SANT285-4 **Current Anthropological Research: The Anthropology of Food** vert hausten 2019 anbefalt til dei fyrsteårsstudentane som ikkje skal ta ex.fil, samt dei internasjonale studentane våre.

Institutt for sosialantropologi har frå hausten 2014 arbeid tett med vidaregåande skular og folkehøgskuler i Bergen og områda rundt for å rekruttere studentar.

Våren 2019 utførte stipendiat Oda Eiken Maraire et undervisningsopplegg ved Nordahl Grieg vidaregåande skule som ho sjølv hadde utforma. Elevane gjennomførte eit miniforskningsprosjekt for å få økt forståing for antropologisk tenking og metode. Hausten 2019 reiser ho på feltarbeid til Sør-Afrika og kjem til å skrive ein blogg retta mot desse elevane og andre elevar i den vidaregåande skulen. Eiken Maraire har eit samarbeid med Forskning.no om publisering av bloggen.

Sikre at studentane integreres faglig og sosialt i et kollegialt fagfelleskap gjennom ulike målretta tiltak, som studentaktive undervisningsformar, praksis, rettleiing og mentorordningar)

Det er tilsett to undervisningsassistentar som også skal ha ein funksjon som mentorar for studentane. Undervisningsassistentane kjenner studentane frå seminarundervisning og tanken er at det er låg terskel for å ta kontakt og snakke om studierelaterte saker.

Undervisningsassistentane vil i løpet av hausten 2019 delta på kurs for mentorar.

Studentane har tatt initiativ til å opprette ein etnografisk filmklubb, der den vitskapelege staben ved instituttet kan bli invitert til å seie nokre ord og sette etnografiske filmar i ein kontekst.

Mastermøte: For at studentane skal få eit innblikk i kva masterprogrammet dreier seg om og få inspirasjon til å danne sitt eget prosjekt arrangerte instituttet eit mastermøte i mars. Dei studentane som skriv bacheloroppgåve no blei spesielt inviterte. Tre MA-studentar presenterte sine masterprosjekt, nokre av dei tilsette presenterte sine forskingsområder og studiekonsulenten gikk kort gjennom oppbygging av graden og informasjon om søknad.

Yrkesrelevans: vi samarbeider med fagutvalet om å arrangere seminar om yrkesrelevans kvart semester. Om hausten blir 4-5 alumner invitert til å snakke om sitt arbeid. Karrieresenteret ved Sammen blir invitert for å halde seminar med trening i jobbsøk; intervjutrening, CV- og søknadsskriving mv. På heimesidene til instituttet blir mangfaldet i kor studentane våre får jobb vist med alumnusportrett.

Tiltak knytt til følgjande satsingsområder

o Økt utveksling

Instituttet er i dialog med Babes-Bolyai University i Cluj, Romania om å opprette ein Erasmus+-avtale.

o Økt gjennomstrømming

Bachelor

Mentorordninga fungerer godt.

Det største frafallet frå bachelorprogrammet finn vi etter andre semester. Studiekonsulenten held informasjonsmøte på slutten av vårsemesteret og gir eit frampeik til haustsemesteret, utveksling og master.

For SANT260 Bacheloroppgåve har det frå våren 2019 vore tettare oppfølging av studentane for å få fleire til å fullføre.

Master

Masterstudentane skal frå 2019 levere ein slutføringsplan for siste semester der dei setter opp delmål undervegs og ein endelig dato for å levere masteroppgåva. Planen skal godkjennast av rettleiaren. Dette tiltaket er gjort for å få fleire studentar til å levere på normert tid.

o Økt etter- og videreutdanningstilbud)

Det er stor interesse for SANT660 Fleirkulturell forståing og kommunikasjon og kurset får gode tilbakemeldingar. Kurset er nytt og det er enno tidleg å auke størrelsen på kurset eller opprette fleire EVU-kurs.

Venleg helsing

Olaf Smedal
Instituttleder

Wenche Iversen
førstekonsulent